

Avtale om innløsning av tre hyttetomter på Duesundøy

(dagsett 13.08.2020)

mellom

Odin Utbygging AS (org nr. 990771030)

og

Masfjorden kommune (org nr. 945627913)
(kjøpar/ innløysar)

1. Føremålet med avtalen

Masfjorden kommunestyre har i sak 008/ 2020 gjort vedtak om å inngå avtale med med Odin Utbygging AS om erstatning/ innløsning av tomt nr 35, 36 og 39 på Duesundøy. Odin Utbygging AS har i brev av 7.5 2019 fremja krav om at Masfjorden kommune erstattar tre tomter (tomt nr 35, 36 og 39 (som no er gnr 18 bnr 99)) på Duesundøy. Bakgrunnen for innløysingskravet er at tomtene for Masfjordbrua er regulert til grønstruktur og til trafikkføremål knytt til bruprojektet, og at dei difor ikkje lenger kan byggjast på.

2. Kjøpet gjeld eigedomane vist på kart

Det vert vist til vedlagde kartvedlegg 1 og kartvedlegg 2 som viser tomtene (tomt 35, 36 og 39) som skal innløysast/ kjøpast.

3. Kjøpesum

Masfjorden kommune kjøper tomtene etter følgjande priser, som er basert på takst.

Tomt 35 –	krone 700 000,-
Tomt 36 –	krone 700 000,-
Tomt 39 (gnr 18 bnr 99) –	krone 900 000,-
<u>Sum</u>	<u>krone 2 300 000,-</u>

4. Bruk av eigedomen fram til eigarskiftet er på plass

Masfjorden kommune kan ta grunnen i bruk når kontrakten er underteikna av begge partar.

5. Gjennomføring av avtalen

Kjøpesummen på krone 900.000,- knytt til tomt 39 (gnr 18 bnr 99) skal betalast seinast 3 veker etter at tomta er overført heftefri over til Masfjorden kommune og dette er stadfesta av advokat Mikkel Mundal.

Dei to andre tomtene skal ha egne bruksnummer og Odin Eigedom AS må bistå i samband med tinglysinga slik at Masfjorden kommune overtek tomtene fri for hefter når kjøpesummen skal betalast.

Kjøpar får fullmakt til å senda inn delingssøknad og rekvirere oppmåling av tomt nr 35 og 36 så snart seljar har underskrive denne avtalen. Seljar og kjøpar skal begge vera representert på oppmålinga. Betalinga av dei to tomtene på til saman krone 1.400.000,- skal skje til seljar innan 10. januar 2021, på vilkår av at dei innan den tid er overført heftefri over til Masfjorden kommune.

Alle utbetalingar frå Masfjorden kommune for dei 3 tomtene skal betalast til advokat Mikkel Mundals klientkonto 3201.50.62508. Han stadfestar skriftleg når tomtene er overdratt utan hefter til kommunen.

6. Kostnader knytt til kjøpet

Kjøpar/ innløysar ber alle kostnader i samband med overdraginga av arealet, inkludert gebyr knytt til delingssøknad og oppmåling, samt utgifter knytt til tinglysing av skøyte og dokumentavgift som er relatert til arbeidet til Statens Kartverk.

7. Oppseiing

Kontrakten kan ikkje seiast opp av nokon av partane.

8. Tvistar

Partane er samde om at eventuelle tvistar skal verta forsøkt løyst ved forhandlingar partane i mellom. Dersom det ikkje vert semje skal tvistar mellom partane verta avgjort for ordinære domstolar med Bergen tingrett som verneting.

9. Tinglysing

Denne avtalen kan tinglysast som hefte på eigedomen.

Denne kjøpskontrakten er utarbeida i 2- to- likelydande eksemplar med kartvedlegg, og kvar av partane sit med eitt eksemplar i underskriven form.

.....den2020

....., den2020

Karstein Totland

Odin Utbygging AS


Ordførar i Masfjorden kommune

To vedlegg

Kartvedlegg 1 som viser kvar einskilt tomt med tomtenummer 35, 36 og 39



Kartvedlegg 2 dagsett 12.12.2019 som viser arealet teikna inn på reguleringskart. Tomt nr 39 på tomtekartet er frådelt og har no nemning gnr 18 bnr 99.



...../.....2020.

...../.....2020

 Signert av innløysar/ kjøpar

.....
 Signert av seljar

